

**Notat**Dato: 18.05.2017  
Arkivsak: 2017/4336-1  
Saksbehandlar: irevelu

---

**Til:** Utval for miljø og samferdsel  
Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**Investeringsprogram for fylkesvegnettet til RTP 2018-2029 - løypemelding****Innleiing**

Formålet med denne referatsaka er å gje ei kort orientering om arbeidet med investeringsprogrammet for fylkesvegnettet. Investeringsprogrammet skal bygge på dei overordna føringar som er gitt i Regional Transportplan (RTP) for Hordaland 2018-2029, og omhandla prosjekt og tiltak som er nødvendig for å gjennomføre mål og strategiar frå RTP.

Fylkesrådmannen legg opp til å sende investeringsprogrammet direkte ut på høyring. Investeringsprogrammet skal etter planen til endeleg politisk handsaming i desemberinget 2017, med høyringsrunde i september 2017.

**Bakgrunn**

Investeringsprogram for fylkesvegnettet til RTP 2018-2029 er ein handlingsplan som omhandlar konkrete prioriteringar av prosjekt og tiltak for å følgje opp mål, strategiar og bindingar som ligg til grunn i Regional transportplan (RTP) for Hordaland 2018-2029.

Dette er det fyrste investeringsprogrammet for fylkesvegnettet i Hordaland, og representerer eit nytt verktøy for langsiktig planlegging av drift, vedlikehald og investeringar på fylkesvegane. I gjeldande RTP for Hordaland 2013-2024 gjeld Handlingsprogrammet 2015-2017, vedtatt i fylkestinget 10. desember 2014.

Investeringsprogrammet skal inkludere og erstatte dei årlege plan- og byggeprogramma (Plan- og byggeprogram for fylkesvegane utanom Bergen og plan- og byggeprogrammet innanfor Bergensområdet), samt handlingsplan for trafikkisikring. Investeringsprogrammet skal gjelde heile planperioden på 12 år, og rullerast kvart år slik at ein ikkje mister fleksibiliteten i forhold til endringar ved budsjett og vedtak.

Sentralt i investeringsprogrammet er å bygge opp ein langsiktig prosjektportefølje som gjev ein større trygghet på kva for fylkesvegar som skal prioriterast, kva type tiltak som skal realiserast, og når dette vil skje. Samstundes vert det tydelegare kva for fylkesvegar som må vente før ein får råd til å prioritere desse. Ved å bygge opp ein prosjektreserve vert det enklare å nytte dei årlege tildelte midlane, dersom bundne prosjekt vert rimelegare enn venta, eller får forseinka framdrift. Det vert og lettare å velje dei «rette» prosjekta og tiltaka, dersom løyvingane til samferdsel aukar i åra som kjem.

Ei sentral målsetting med investeringsprogrammet er å presentera tiltaka på fylkesvegnettet meir oversiktleleg, heilskapleg og forståeleg enn i dag. Dei årlege rulleringane gjer at fylkeskommunen sikrar god fleksibilitet til å omprioritere midlar, dersom det vert naudsynt.

### **Organisering, medverknad og prosess**

Investeringsprogrammet blir utarbeida av Hordaland fylkeskommune, i samarbeid med Statens vegvesen. Fylkesvegrådet er styringsgruppa for arbeidet med investeringsprogrammet.

I utgangspunktet ønskte fylkesrådmannen å legge fram sak om investeringsprogrammet til politisk handsaming i utval for miljø og samferdsel (MISA) og fylkesutvalet (FUV) i august 2017, før investeringsprogrammet vart sendt ut på høyring. Fylkesrådmannen legg no opp til å sende investeringsprogrammet direkte ut på høyring. Bakgrunnen for dette er at møte i MISA i august truleg vert avlyst, samt at ei høyring etter politisk handsaming i august, vil gje lite tid til saksførebuing før endeleg vedtak av investeringsprogrammet.

Kommunar, statlege etatar, samt relevante organisasjonar vert invitert til å gje innspel til investeringsprogrammet gjennom høyring i september 2017. Ambisjonen er at dei største prosjekta blir spesifisert i høyringsutkastet, og at ytterlegare detaljering av investeringsprogrammet skjer parallelt med budsjettprosessen hausten 2017. Investeringsprogrammet skal etter planen til endeleg politisk handsaming i desemberinget 2017.

### **Generelt om strukturen i investeringsprogrammet**

Investeringsprogrammet har 6 kapittel.

Kapittel 1 skriv kort om investeringsprogrammet.

Kapittel 2 omtalar mål og strategiar frå RTP, samt innføring av porteføljestyring. I investeringsprogrammet vert prinsippa for porteføljestyring lagt til grunn. Porteføljestyring skal bidra til at samla ressursinnsats og prioritering av prosjekt og tiltak bidrar til at mål og strategiar i RTP nås. Dei føreslåtte tiltaka skal jamleg evaluerast i rulleringane av investeringsprogrammet, og det må takast omsyn til endringar i rammor, framdrift på prioriterte prosjekt, uføresette endringar og hendingar på fylkesvegnettet.

Prinsippa for porteføljestyring er:

- Bidra til måloppnåing i RTP
- Finansiering og disponible midlar
- Samfunnsøkonomisk lønnsemd
- Planstatus
- Kapasitet på planlegging og gjennomføring

Kapittel 3 omhandlar tidlegare måloppnåing, status og gjennomførte prosjekt og tiltak frå Handlingsprogram 2015-2017 vedlegg til RTP 2013-2024, vedtatt i fylkestinget 10. desember 2014.

Kapittel 4 omtalar økonomiske rammor og finansieringskjelder. Prioritering av prosjekt og tiltak for investeringar og drift og vedlikehald av fylkesvegnettet skal være knytt opp mot dei økonomiske rammene fylkeskommunen har til fylkesvegnettet.

Kapittel 5 omtalar dei prioriterte prosjekta og tiltaka med prosjektreserve.

Kapittel 6 omtalar forventna måloppnåing.

Måloppnåing er ein viktig del av porteføljestyringa for å kunna vurdere korleis dei prioriterte prosjekta og tiltaka bidrar til å oppnå måla og strategiane frå RTP.

I vedlegga til investeringsprogrammet blir detaljeringsnivået på prosjekta og tiltaka omtala. Dette blir utarbeida på hausten 2017 etter høyringsrunden.